



Bekkevandring Breim

Referat frå bekkevandring 22. juni 2016 kl 09 - 17

Utvalde sideelvar til Breimsvassdraget mellom Breimsvatnet og Gåsmyr / Myklebustdalen

UTKAST



Kobberstad i Myklebustdalen (foto: S Hjøhlman)

Desse møtte:

Trude Knagenhjelm, rådgjevar, Fylkesmannen landbruksavdelinga (punkt 1-10)

John Anton Gladsø, Fylkesmannen miljøvernnavdelinga (punkt 1-11)

Bernt Reed, Gloppen kommune landbrukskontoret (punkt 1-12)

Per Ove Fossheim, Gloppen kommune teknisk kontor (punkt 1-12)

Thorleif Jakobsen, Naturvernforbundet

Sigmund Flaten, Natuvernforbundet (punkt 8-13)

Kirsten Kleppe Lyslo og Arne Lyslo, grunneigar (punkt 1-11)

Steinar Hetle, grunneigar ved Kverndøla (punkt 2)

Jan Erik Fløtre, grunneigar (punkt 7)

Klaus Solheim, grunneigar (punkt 11)

Lars Myklebust, grunneigar (punkt 11)

Hans Jacob Førde, grunneigar (punkt 12 og 13)

Per Stokke, grunneigar (punkt 12)

Trond Morten Bø, grunneigar (punkt 14)

Staffan Hjøhlman, prosjektleiar, Nordfjord vassområde

Nordfjord vassområde



Målet med Bekkevandringa er kunnskap og innspel om:

- Vasskvalitet (farge, lukt m.m.)
- økologisk tilstand (algar og bakteriar, vassplanter, fisk, kantvegetasjon)
- menneskeskapt påverknad (jordbruk, avløp m.m.)
- endringar som er observert over tid
- innspel på tiltak som kan betre tilstanden


UTKAST

Fleire av sideelvane til Breimsvassdraget i Breim oppnår ikkje miljømålet om god økologisk tilstand etter vassforskrifta / vassdirektivet på grunn av ureining frå jordbruk og avløp. Gloppen kommune er styresmakt for denne typen ureining og er difor forplikta å iverksette / pålegge tiltak som betrar tilstanden. Tiltak kan vere mellom anna kantvegetasjon til elvar, endra gjødselspreiingsregime, plassering av rundballar, oppgradering av private avløpsanlegg og kommunale avløpstiltak. Bekkevandringa er ein lekk i arbeidet med å velje tiltak.

Prosjektleiaren set pris på oppmøtet til bekkevandringa. Sju grunneigarar møtte opp i løp av dagen. Desse viste engasjement for å ta vare på miljøet, og forvalte eigedomane sine på beste måte.


1. Innleiing

Generell informasjon om program og bakgrunn for bekkevandringa.



Storelva i Breim med sideelvar. Reed ved Breimsvatnet til venstre; Byrkjelo lengst til høgre i bildet. Sirklar markerer stadar som vart synfart. Tal refererer til avsnitta nedanfor.

Nordfjord vassområde



ST

Byrkjelo oppe til venstre i bildet; Bergheimsvatnet nede til venstre; Sandalsvatnet oppe til høyre. Sirklar markerer stadar som vart synfart. Tal refererer til avsnitta nedanfor.

2. Elv til Refjøra

Det har tidlegare vore problem med silopressaft i denne elva, men i følge Gloppen kommune skal dette vere utbetra. Ved synfaringa var der noko slam i elvebotnen men ingen klare teikn på ureining slik som algar eller heterotrof begroing (lammehalar). Inntil eit sanitærbygg litt opp i elva var det søppel i elva og lukt av kloakk. Steinar Hetle viste til slam i Breimsvatnet mellom anna på tauverk. Kjelda til dette kunne ikkje stadfestast ved bekkevandringa, men kan vere breslam tilført via Storelva. Det er mykje bendelorm i aure fanga i Breimsvatnet. I følge Fylkesmannen er dette vanleg i vatn med høg fisketettleiken.

Tiltak 1: Vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar.

3. Elv i kulvert ca 600 m opp Skrøppavegen

Svært liten vassføring ved tidspunktet for bekkevandringa. Mykje brennenesler langs elva oppover frå Skrøppavegen kan tyde på unaturleg høg næringstilgang. Elva passerer revegardar lenger oppe. Eit rør frå ei hytte like over vegen gjekk ned i elva og inn i kulverten.

Tiltak 2: Undersøke funksjonen til røret. Ansvar: Gloppen kommune.

Tiltak 3: Vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar.



UTKAST

4. Elv på nordsida ved Rådabrua

Rundballar lagra like ved ei sideelva over E39. Rundballar er ikkje venta å gi stor avrenning av silosaft inneverande år på grunn av tørre forhold ved høsting, og lågt vassinnhald i foret. Andre år kan det derimot føre til vesentleg ureining av vassdraget.

Elveutløpet vart inspisert – Bratt parti dei siste 5-10 m ned til Storelva vart vurdert som eit naturleg vandringshinder. Elva fungere difor truleg ikkje som oppvekstområde eller gyteområde for auren i Storelva. I perioder med mykje breslam i elva, kan derimot samløpet tilby ein sone med klart vatn der fisken kan søke tilflukt.

Tiltak 4: Ta opp lagring av rundballar med grunneigar. Ansvar: Gloppen kommune.

Tiltak 5: Vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar.

5. Elv ved bedehuset på Flølo

Elva var heilt tørr. Kirsten Lyslo orienterte kort om historia til bedehuset. Der var tidlegare ein utedo i bruk, som på den tida kan ha vore ei utfordring for vasskvaliteten i elva. Dette er ikkje eit problem i dag.

Tiltak 6: Vurdere vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar i samråd med kommunen.

6. Elv ved tidlegare kompostanlegg på Fløtre

På eigedomen var det tidlegare mottak og kompostering av slam frå renseanlegget på Byrkjelo. Mottaket er lagt ned. Det var ikkje kjent blant deltakarane på bekkevandringa i kva grad det kan vere avrenning/ureining frå kompost som framleis er lagra på eigedomen.

Lagring av rundballar nær elva ved ein fjøs bør sjekkast i høve ureiningsfare. Det kom framlegg om å samarbeide med Norsk landbruksrådgiving om å utarbeide informasjonstiltak i høve lagring av rundballar, og søke Fylkesmannen om klima- og miljømidlar til dette.

Tiltak 7: Rettleiing av grunneigar om lagring rundballer. Ansvar: Gloppen kommune.

Tiltak 8: Vurdere eventuell ureining frå kompostlager. Ansvar: Fylkesmannen.

Tiltak 9: Ta initiativ til samarbeid med NLR om informasjonstiltak i høve lagring av rundballar. Ansvar: prosjektleiar.

7. Fløtreelva

Elva går under E39 like vest for ein gamal silo. Det var liten vassføring. Ikkje synlege teikn på ureining. Rundballar lagra like ved elva på oppsida av E39 (sjå punkt 3, over: generell merknad om rundballelagring inneverande år). Jan Erik Fløtre orienterte om bruk av reiskap for gjødselspreiing.

Tiltak 10: Vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar.

Tiltak 11: Følgje opp lagring av rundballar. Ansvar: Gloppen kommune.



8. Myklebustdalselva

Det vart teke opp korvidt storaure går opp frå Breimsvatnet og heilt til Byrkjelo og Myklebustdalselva. Der er eit potensielt vandringshindar i Lølofosse, der det tidlegare var fungerande fisketrapp.

Norges vassdrags- og energidirektorat har gjort mellombels sikringstiltak etter flaum på vestre elvekant nedanfor brua.

UTKAST

9. Kleppselva / elva frå Støyva

Per Ove Fosshim, Gloppen kommune orienterte om Byrkjelo renseanlegg.

Rundballar lagra i 4 rekker langs elva nedanfor E39 (sjå punkt 3, over: generell merknad om rundballelagring inneverande år). Svarte spor av utlekking der rundballar var fjerna. Ingen sikre teikn på ureining i elva. Ein del sediment på tørrlagt mose, men ukjent om dette er ureiningsrelatert.

Tiltak 12: Rettleiing av grunneigar om lagring rundballer. Ansvar: Gloppen kommune.

Tiltak 13: Vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar.

10. Kanal på Gåsemyr

Ingen teikn på ureining i elva. Revegard ca 100 m oppstrauts kan vere ei utfordring.

Tiltak 14: Sjekke reglar for fjerning og bruk av revegjødsel. Ansvar: Gloppen kommune.

Tiltak 15: Vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar.

11. Svoregrova / Høgegropa i Myklebustdalen

Ein kanal går i rett linje frå Sandalsvatnet og nokre hundre meter, forbi garden Kobberstad og endar i ein ca 200 m lang fangdam. Svoregrova og Høgegropa renner ut i kanalen. Øvst i fangdammen munnar det ut rør frå drenering av jordbruksareala. For 50 år sidan fortsatte den opne kanalen gjennom heile jordbruksarealet. Kanalen vart lagt i rør på 1970-talet ned til samløpet med Høgegropa. Bernt Reed orienterte om historia til fangdammen. Det var mykje algevekst i kanalen, særleg i fangdammen, der det stadvis flaut tjukke matter med grønne trådforma algar. Fangdammen er delt opp med tersklar og det er planta ut vassplantar som er flytta frå myrar lenger opp i dalen. Øvste «kammer» skal gravast ut med jamne mellomrom



Nordfjord vassområde

for å fjerne sedimentert masse.

Fangdammen i Myklebustdalen (foto: S Hjohlman)



Tiltak 16: Finne retningslinjer for utgraving og bruk av sedimentert masse frå fangdammen. Ansvar: Gloppen kommune.

Tiltak 17: Vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar.

UTKAST

12. Stokke fellesfjøs

Der er eit stort gjødsellager på nedsida av fjøsen. Ei elv er lagt i rør og kjem i dagen på nedsida av veg 695. Elva har grusbottn og vatnet var tilsynelatande reint. Trevegetasjon langs elva.

13. Kanal Høylo

Hans Jakob Førde opplyste at kanalen vart etablert for 60-70 år sidan. Kanalen vart synfart siste delen ca 100 m ned mot utløpet i Storelva. Lengst ned mot utløpet var det liten helling der ungfisk og eventuelt gytefisk vil kunne ta seg opp. God kantvegetasjon med tre ned mot utløpet og elles langs store deler av kanalen, men knappe 100 m i nedre del berre gras og urter. Frå eit økologisk synspunkt kunne det med fordel vere busker og tre også i dette partiet. Førde viste til problem med at røter øydelegg dreneringsrør. Det vart påpeika at gras dumpa i nedre kant av bøen ikkje må leggast heilt ned mot elva.

14. Bø fellesfjøs

Ei lita elv går frå fjøsen og ned til Storelva. Det vart ikkje observert lammehalar i elva. Ein del leire/silt sediment, som ikkje er ureiningsrelatert. Tendens til lukt.

Tiltak 18: Vassprøvetaking til analyse. Ansvar: prosjektleiar.

11.07.2016

Staffan Hjohlman
ref.